
Fra: Arne Kristian Kolstad <Arne@abo-ark.no>
Sendt: 16. september 2014 10:42
Til: Christian H. Reinshol
Kopi: Bjarte Helle
Emne: Reguleringsplan for Hordasmibakken gnr. 137 bnr. 46, 59 og del av 705, ArealplanID 1263_201212 - Klage på vedtak

Hei!

Det vert vist til mottatt klage på reguleringsplan for Hordasmibakken gnr. 137 bnr. 46, 59 og del av 705, ArealplanID 1263_201212.

I klaga blir det framhalde at plankart som er nytta i handsaming av planen er utdatert og at dette gjev eit feilaktig inntrykk av området. Kartet som er nytta i plansaken vart først bestilt 10.1.2012. Det vart så seinare bestilt nytt kart 2.7.2012 som er nytta vidare i plansaken. Det er framleis ikkje registrert nokre bygningar på eigedomane gnr. 137 bnr. 762 og 763 i Lindås kommune sitt gjeldande grunnlagskart pr. 16.9.2014.

Eigar av gnr. 137 bnr. 47 har vore varsla om oppstart ved brev 3.7.2012. Planen vart sendt inn til offentleg ettersyn 12.4.2013 og vedtak om offentleg ettersyn vart gjort 30.10.2013. Lindås kommune har sjølv varsla offentleg ettersyn av plan.

Eigedomen gnr. 137 bnr. 763 vart registrert 16.10.2012 og vart registrert på nye eigarar 9.4.2014. På dette tidspunktet når nye eigarar overtok planen var planen til slutthandsaming i Lindås kommune.

Klagaren viser også til utsikt og innsynstilhøve mellom rekkehus på eigedomen gnr. 137 bnr. 763 og bustader planlagt i reguleringsplan for Hordasmibakken.

Vi vil her trekke fram at den nye bustaden på eigedomen gnr. 137 bnr. 763 vil ha sin hovudutsikt mot vest og sørvest og at «baksida» vil ligge mot bustader som er planlagt i reguleringsplanen. Såleis vil sjenanse frå nye bustader som er planlagt i reguleringsplanen være små.

Vennlig hilsen

Arne Kristian Kolstad

957 21 101



Hamnevegen 53
Pb.291
5203 OS

arne@abo-ark.no
www.abo-ark.no